



Surnadal kommune
Næring, bygg og miljø

NVE

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2011/1487-9

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
10.05.2013

Vindøla kraftverk - høring av melding med forslag til utredningsprogram

Vedlagt følger Surnadal kommunes uttale til melding og forslag til KU-program.

Med helsing

Bodil Gjeldnes
miljøvernkonsulent

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovedutval for teknikk, miljø og næring	23/13	26.04.2013

Vindøla kraftverk - høring av melding med forslag til utredningsprogram


Vedlegg

- 1 Høring - Forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Vindøla kraftverk
- 2 Melding med forslag til utredningsprogram
- 3 Referansedata-Nasjonal bekkekløft-Vindøla

Saksopplysningar

NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) har mottatt melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram frå Norges småkraftverk AS om bygging av kraftverk i Vindøla. Norges småkraftverk AS har inngått avtale med grunneigarane om utnytting av fallet til kraftproduksjon. Formålet med meldinga er å varsle om tiltaket på eit tidleg stadium, og å fremme forslag til dei forholda som bør utgreiast nærmare og kva søkjar må ta omsyn til i den vidare planlegginga. Med grunnlag i meldinga, merknadane til denne og eigne vurderingar vil NVE fastsette eit konsekvensutgreiingsprogram for tema som skal utgreiast nærmare og leggst til grunn ved ein konsesjonssøknad for tiltaket. Surnadal kommune har no fått melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram på høyring. Kommunen vil og få høve til å uttale seg til sjølve konsesjonssøknaden når den blir framlagt i neste omgang.

Meldinga inneheld forslag til utbygging etter to alternativ, dvs. A1 og A2. Den største forskjellen på dei to alternativa er at alt. A1 vil ha kraftstasjon i dagen noko ovanfor Holtamoan. Alt. A2 har kraftstasjon i fjell ca 600m sør-aust for steinbruddet ved Bankartrøa. Begge alternativa har vassinntak utan reguleringsmagasin på kote 269 moh like nedstrøms Holtabrua ved inngangen til sjølve Vindøldalen, og utløp av vatnet tilbake til Vindøla på kote 42/43 moh ovanfor Holtamoan. Dette er like oppstrøms grense for lakseførande strekning. Ved inntaket må det etablerast ein inntaksdam på 5m x 20m i betong. Begge alternativa har driftsvannveg mellom inntak og kraftstasjon lagt i fjell på vestsida av Vindøla. Middelvassføringa like nedstrøms planlagt inntak i Vindøla vil reduserast frå dagens 5,0 m³/s til 1,3 m³/s etter utbygging. Middelvassføring like oppstrøms planlagt kraftstasjon i Vindøla vil reduserast frå dagens 5,5 m³/s til 1,8 m³/s etter utbygging. Årleg middelproduksjon vil være 60,8 GWh, dvs. det er snakk om eit nokså stort kraftverk samanlikna med dei andre småkraftverka som har blitt bygd i kommunen dei seinare åra. Til samanlikning produserer Svorka kraftverk om lag 110 GWh årleg. Anlegget er planlagt med minstevassføring og omløpsventil. Ved begge utbyggingsalternativ vil det bli overskotsmasse frå sprenging i fjell på vel 200 000 m³.



Figur frå meldinga som viser vassføringa i Vindøla nedafor inntaket før og etter utbygging. Vassføringa vil generelt bli lågare og jamnare enn i dag. Flomtoppane blir reduserte.

Vindøla er allereie påverka av kraftutbygging ved at 44% av nedbørsfeltet blir overført til Gråsjø som er magasin for Trollheim kraftverk. Dette er vatn frå Breiskardsbekken, Skrøåbekken, Vassdalsbekken og Fagerlidalsbekken i den innerste delen av Vindøldalen. Våren 2011 krevde Rindal og Surnadal kommunar revisjon av konsesjonsvilkåra i Trollheim kraftverk for å oppnå miljøforbetringar i berørte vassforekomstar, dvs. først og framst betring av oppvekst- og gyteforholda for laks og sjøaure i hovedelva Surna. Arbeidet med kravet viste stor politisk vilje i begge kommunane til å ta vare på Surna som lakseelv. Det må og nemnast at Surnavassdraget, som Vindøla er ein del av, er nasjonal laksevassdrag som tilseier at det skal takast spesielle hensyn til laks ved nye inngrep. I St. prp. 32 (2006-2007) heiter det i *tabell 6.1*

Beskyttelsesregime i nasjonal laksevassdrag at ved vassdragsregulering kan tiltak ikkje gjennomførast når det fører til endringar av naturleg vassføring, vassstemperatur, vasskvalitet eller vandringsforhold på lakseførande strekning som er av nevneverdig negativ betydning for laksen.

Det er vesentleg at høringspartar og beslutningstakarar ved ein seinare konsesjonssøknad for Vindøla kraftverket har god kunnskap om natur- og miljøverdiane i og i tilknytning til Vindøla slik at ein så godt som muleg kan sjå kva følger omsøkt kraftutbygging vil få.

Konsekvensutgreiingsprogrammet som no er på høyring skal klarlegge dei forholda som bør utgreiast nærmare og kva søkjar må ta omsyn til i den vidare planlegginga. Slik rådmannen ser det er desse verdiane av allmenn / kommunal interesse i større eller mindre grad til stades i og i tilknytning til Vindøla:


Vindøla er gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure.

Vindøla er laks- og sjøaureførande (anadrom) over ei om lag 1300m lang strekning frå samløpet med Surna og noko forbi Holtamoan kor ein foss hindrar fisken i å gå vidare. Planlagt utløp frå kraftstasjonen ligg ca 300m oppstrøms dette vandringshinderet. NINAs forskning i Surnavassdraget dei seinare åra har dokumentert at strekninga er gyte- og oppvekstområde for sjøaure og laks. Sett bort frå vatn i Vindølavassdraget som er overført til Trollheim kraftverk, er Vindøla uregulert. I motsetnad til hovedelva Surna er ikkje den laks- og sjøaureførande delen av Vindøla direkte påverka av kraftverksrelaterte effektar som varierende vassstand som følge av kraftverksdrift, utfall / stans i vasstilførselen eller tilførsel av vatn ut frå kraftstasjonen med anna temperatur enn i sjølve elva. Strekningas betydning for anadrom fisk er derfor klart til stades. Sediment og boreslam i vatnet i anleggsfasen vil og kunne være svært negativt for fisk.

Biologisk mangfold

Dalsidene langs foreslått regulert strekning av Vindøla er registrert som bekkekløft av nasjonal verdi. Iflg. referansedata er bakgrunn for denne statusen at det i dette området er skilt ut 9 verdifulle naturtypar innafør skogstypene rik edellauvskog, gråor-heggeskog, gammel lauvskog

og til dels gamal barskog. Minst 18 planter på den norske raudlista over trua og sårbare arter er påvist i område, 5 av desse er sårbare arter. For enkelte av artane er forekomstane regionalt og dels nasjonalt interessante. Det gjeld spesielt stammesigd som står på Bernkonvensjonens liste og er freda i Norge. I tillegg har området truleg den største kjente forekomsten av den sårbare arten fakkeltvebladmosse utanfor austlandet, samt ein av tre forekomster av huldregras i Møre og Romsdal. Det er også ein rik fuglefauna, inkludert fleire hekkande spettartar som er på raudlista. Naturtypane det her er snakk om er alle ulike skogstypar med tilhøyrande botnvegetasjon, lav og soppartar. Eit sentralt spørsmål er om fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla er av betydning for desse skogstypane. Ved bygging av kraftverk vil jo som kjent vassføringa bli betydeleg redusert. Om dette er eksisterande referansedata uklar, noko som tilseier at betydninga av fuktig luft og vassprøyt for vegetasjonen er eit forhold som må klarleggast betre i konsekvensutgreiinga. Dette spørsmålet er kanskje særleg viktig i tilknytning til fossen like nedstrøms planlagt kraftverksinntak. Inntil fossar er vegetasjonen spesielt tilpassa og avhengig av vassprøyt.



Utsnitt frå Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase som viser dei 9 verdifulle naturtypane. Sjå nærmare omtale i vedlegg.

Trondskarstoin som landskapselement

Fossen Trondskarstoin like nedstrøms planlagt kraftverksinntak er ein av dei siste fossane av betydning i Surna sine sideelver. På grunn av Trollheimsreguleringa er vassføringa i dei andre sideelvene, t.d. i Folla, redusert. Trondskarstoin er ikkje synleg frå Vindøldalsvegen slik at opplevelsesverdien i dag må seiast å vere liten. Ein stor foss er likevel eit betydeleg landskapselement med ein klar eigenverdi. Biologiske verdier i tilknytning til fossesprøytsoner kan og vere av betydning (sjå ovanfor). Det er i dag ikkje lagt til rette for ferdsel slik at fleire kan oppleve denne fossen, men dette kan vere eit potensiale i framtida.

Vindøla er leveområde for bekkørret

Det er ikkje mange som fiskar i dei vanskeleg tilgjengelege områda i Vindøla som vil bli påverka av omsøkt kraftverk. Opplysningar går ut på at fisken er fin, og arten har ein eigenverdi, i tillegg til å vere del av det biologiske mangfoldet i elva. Fiske som friluftaktivitet på strekninga er av begrensa betydning i dag.

Vindøla ovafor planlagt kraftverk blir nytta til utsetting av fisk

Ifølgje Boniterings- og kultiveringsplan for laks i Surna- og Toåavassdraget utgitt av fylkesmannens miljøvernaveiing i 1994 er Vindøla ovanfor Holtabrua godt eigna for utsetting av laksungar. Dette på tross av at laksungane må vandre ned dei bratte delane av Vindøla ved utvandring til havet. Det dreiar seg her om utsetting av laksungar som regulanten er pålagt å sette ut som kompensierende tiltak etter Trollheimsutbygginga. Vindøla har i liten grad blitt brukt til utsetting, berre i 2004 i seinare tid. Spørsmålet om den vil bli brukt til dette formålet igjen er uklart. Hvis dette er tilfelle kan det oppstå eit problem ved at laksungane ved utvandring kan havne i kraftverksinntaket.

Friluftsverdiar langs Vindøla

Områda langs den planlagt utbygde strekninga av Vindøla er lite bruka som turområde rett og slett fordi det er bratt og vanskelig tilgjengeleg. Før vegen til Vindøldalen vart bygd var ferdsel på denne strekninga ein av fleire vegar innover til dalføret. Ein sti frå denne tida skal enda være delvis synleg, og ved ferdsel langs denne er ein fleire stader i kontakt med elva. Denne opplevelsesverdien vil derfor bli vesentleg redusert dersom eit kraftverk blir realisert. Forholda i området med bratte dalsider, gamal skog og ei elv med fossar og stryk gjer nok området særleg og verdifullt.

Kommunalt vassverk ved Holtamoan

Surnadal kommune har eit vassverk ved Vindøla ovanfor Holtamoan som forsyner om 20 abonnenter. Inntaket er om lag 10 meter vest for elva. Vatnet til vassverket er først og framst grunnvatn, men noko elvevatn kan komme inn i inntaket. Ved driving av tunnell til kraftverk kan det vere ein fare for at boreslam trenger inn i vassverksinntaket.

Boligområde på Holtamoan

Anleggsfasen for bygging av kraftverk som omsøkt kan bli nokså lang og vil medføre mykje anleggstrafikk da store mengder masse frå tunnelldriving skal fraktast ut av området. Anleggstrafikken kan medføre redusert tryggleik for bebuarane i boligområdet, og da kanskje særleg for skulebarn som må gå til / fra fv. 65 kor skulebussen stoppar. Her vil og mange store kjøretøy passere pr. døgn. Barn som leikar ute vil og vere utsett. Støy og rystelsar vil og kunne bli eit problem i anleggsfasen. I driftsfasen av eit evt. kraftverk vil støy frå kraftstasjonsbygning i dagen kunne medføre støy for kringliggande boligar.

Framlagt forslag til utredningsprogram

Nedanfor er dei tema som vil bli utgreid i ei konsekvensutredning nemnt. Sjå også s.34 – 44 i Melding med forslag til utredningsprogram. Dei almenne og kommunale verdiane Surnadal kommune er kjent med og bør få særleg fokus ved etablering av kraftverk i Vindøla er nemnt med underpunkt. Dei tema som vil bli utreda er:

- 4.1 Alternativ
- 4.2 Elektriske anlegg og overføringsledninger
- 4.3 Hydrologi
 - o Overflatehydrologi (grunnlagsdata, vannførings- og vannstandsendingar, restvassføring, flomforhold mm).
 - o Minstevassføring
 - o Driftsvassføring
 - o Flommer
 - o Vanntemperatur, isforhold og lokalklima. Mulige endringar i is- og isleggingsforhold, vanntemperatur og lokalklima skal vurderast for driftsfasen. Dette gjeld spesielt isleggingsforholda ved kraftstasjonsutløpet i Vindøla og på strekninga ned til samløpet med Surna.
 - o Grunnvatn
- 4.4. Erosjon og sedimenttransport
- 4.5 Skred
- 4.6 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)
 - o Utgreiinga skal beskrive landskapet i områda som blir påverka av tiltaket, både på overordna og meir detaljert nivå.
 - o Ugreiinga skal få fram konsekvensane av tiltaket på landskapet og landskapsopplevelsen i anleggs- og driftsfasen. Det skal legges vekt på å beskrive konsekvensane for verdifulle og viktige områder og innslag i landskapet. Inngrepene

- med størst landskapsmessig virkning skal visualiseres. Det skal vises på kart hvilke landskapsrom som blir påvirket.
- 4.7 Naturmiljø og naturmangfold
 - Konsekvenser av tiltaket for naturtyper eller ferskvannslokaliteter skal utredes grundig for anleggs- og driftsfasen.
 - Tiltakets konsekvenser på de verdifulle områdene beskrevet gjennom bekkekløftprosjektet (Gaarder og Stenberg 2009) skal vurderes for anleggs- og driftsperioden. Rapporten fra bekkekløftprosjektet gir en god oversikt over verdiene i området i dag.
 - Konsekvenser av tiltaket for karplanter, moser, lav og sopp skal utredes for anleggs- og driftsfasen. Rapporten fra bekkekløftprosjektet gir en god oversikt over verdiene i området i dag.
- 4.8 Kulturminner og kulturmiljø
- 4.9 Forurensing
 - Vannkvalitet / utslipp til vann og grunn.
 - Annen forurensning. Tiltakets konsekvenser med tanke på støy, støvplager, rystelser og eventuelt andre aktuelle forhold skal utredes for anleggs- og driftsperioden, spesielt der dette vil forekomme nær bebyggelse. Mulige avbøtende tiltak i forhold til de eventuelle negative konsekvensene som kommer fram skal vurderes, herunder eventuelle justeringer av tiltaket.
- 4.10 Samisk natur- og kulturgrunnlag
- 4.11 Naturressurser
- 4.12 Samfunn inkl. friluftsliv
 - Støy, støvplager, trafikkmessige ulemper og mulig økt risiko for ulykker knyttet til anleggsfasen skal vurderes. For løsning med kraftverk planlagt i dagen skal konsekvensen av støy for beboere i området vurderes spesielt. Temaet må sees i sammenheng med fagtemaene forurensing og sosiale forhold. Eventuelle helsemessige konsekvenser av nye kraftledninger / kabler skal vurderes. Mulige avbøtende tiltak i forhold til de eventuelle negative konsekvensene som kommer fram skal vurderes, herunder eventuelle justeringer av tiltaket.
- 4.13 Samlet belastning
- 4.14 Andre forhold inkl. massedeponi
- 4.15 Forslag til etterundersøkelser
- 4.16 Opplegg for informasjon og medvirkning

Vurdering

Ut frå det framlagte forslaget til utredningsprogram kan det med enkelte unntak sjå ut som at alle dei almenne og kommunale verdiane rådmannen ser er av betydning i tilknytning til Vindøla vil bli utgreid nærmare før prosjektet blir ført vidare.

Kva for konsekvensar eit kraftverk vil få for Vindøla sin verdi som gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure vil bli vurdert i tilknytning til pkt. 4.3 Hydrologi, kor minstevassføring, driftsvassføring, flommer, vanntemperatur, isforhold og lokalklima er tema. Mulige endringar i is- og isleggingsforhold, vanntemperatur og lokalklima skal vurderast for driftsfasen. Dette gjeld spesielt isleggingsforholda ved kraftstasjonsutløpet i Vindøla og på strekninga ned til samløpet med Surna. Dette er svært viktige tema å få belyst.

Kva konsekvensar eit kraftverk vil få for biologisk mangfold vil bli vurdert i tilknytning til pkt. 4.7. I forslaget til utredningsprogram står det imidlertid at rapporten fra bekkekløftprosjektet gir

en god oversikt over verdiene i området i dag. Etter rådmannens vurdering gir ikkje denne rapporten god nok oversikt over om fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla er av betydning for dei verdifulle skogstypene i bekkekløfta. Betydninga av dette bør derfor utgreiast nærmare, og er derfor ein mangel ved forslaget til utredningsprogram.

Fossen Trondskarstoin sin verdi som landskapselement vil bli nærmare utgreid i pkt. 4.6 Landskap og inngrepsfrie naturområde.

Kva konsekvensar eit kraftverk vil få å seie for bekkørreten i Vindøla, muligheita til å sette ut fisk i Vindøla oppstrøms kraftverksinntak og for friluftslivet vil bli utgreid i hhv pkt. 4.7 og 4.12.

Konsekvensane av eventuelle negative følgjer for kommunalt vassverk i anleggsfasen vil bli vurdert i tilknytning til pkt. 4.9 Forurensing. I kor stor grad ein vil oppleve redusert tryggleik, støy og rystelsar i både anleggs- og driftsfasen vil bli klarlagt i tilknytning til pkt. 4.9 og 4.12 i konsekvensutgreiinga.

Oppsummert viser altså forslaget til utredningsprogram at dei tema som er viktige for Surnadal kommune, med få unntak, vil bli nærmare utreda i neste fase i søknadsprosessen, dvs. i ei konsekvensutredning. Som innspel til utredningsprogrammet bør det påpeikast at rapporten frå bekkekløftprosjektet ikkje gir ei god nok oversikt over verdiane i området i dag. Dette gjeld først og framst betydninga av fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla på vegetasjon, moser, lav og sopp i bekkekløfta.

Gjeldande kommunale planer bør fungere som retningsgivande for haldninga kommunen skal ha til framlagte melding og forslag til utredningsprogram. To planer berører dei tema som meldinga inneheld og/eller kan komme i konflikt med:

- Kommuneplan for Surnadal kommune 2009 – 2021, samfunnsdelen:
 - o Utvikle og skape fleire arbeidsplassar innafor reiseliv generelt og natur- og kulturbasert reiseliv spesielt, da basert på våre lokale ressursar, som laksefiske, jakt og anna fiske, rein natur og friluftsliv.

Ein kan på noverande stadium, før konsekvensutredninga ligg føre, ikkje utelukke at etablering av kraftverk i Vindøla vil gå på bekostning av forhold for laks og sjøaure i Vindøla nedstrøms planlagt kraftstasjon.

- Energi- og klimaplan – Tiltaksdel:
 - o Hjelpe grunneigarane med kunnskap og rettleiing, slik at fleire bygger ut små-, mini- og mikrokraftverk i kommunen, samt sørgje for lik handtering av alle saker som gjeld småkraftverk. Lokalt eigarskap skal vere ein viktig føresetnad for å få bygge ut nye småkraftverk. Om dette ikkje er muleg kan andre eigarskap vurderast for å få nytta ut energiressursen.

Planlagt kraftverk i Vindøla er større enn eit småkraftverk, men produksjon av vasskraft reduserer behovet for anna energi produsert på langt mindre klimavennlege måtar. Slik sett vil ei kraftutbygging i Vindøla vere positiv.

Rådmannen si tilråding

For Surnadal kommune framstår forslag til utredningsprogram for etablering av Vindøla kraftverk som god, men med eit unntak; betydninga av fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla for vegetasjon, moser, lav og sopp i bekkekløfta.

Kommunen er skeptisk til ei utbygging som vil få negative følgjer for Vindøla sin verdi for laks og sjøaurestammane i Surna, biologisk mangfold og andre alemnne og kommunale verdiar. I

høve til reduksjon av utslepp av klimagassar i Norge og Europa er produksjon av rein fornybar vasskraft positivt.

Behandling i Hovedutval for teknikk, miljø og næring - 26.04.2013

Votering:

Rådmannen sit tilråding samrøystes vedteke.

Hovedutval for teknikk, miljø og næring sitt vedtak

For Surnadal kommune framstår forslag til utredningsprogram for etablering av Vindøla kraftverk som god, men med eit unnatak; betydninga av fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla for vegetasjon, moser, lav og sopp i bekkekløfta.

Kommunen er skeptisk til ei utbygging som vil få negative følgjer for Vindøla sin verdi for laks og sjøaurestammane i Surna, biologisk mangfold og andre alemnne og kommunale verdiar. I høve til reduksjon av utslepp av klimagassar i Norge og Europa er produksjon av rein fornybar vasskraft positivt.